


# **Reglement for finans- og gjeldsforvaltning**

## **Norddal kommune**



Vedteke av kommunestyret - KS-sak 073/17 26.10.2017

# REGLEMENT FOR FINANS- OG GJELDSFORVALTNING

## Innhold

<b>1. Finans- og gjeldsreglementet sitt virkeområde .....</b>	<b>3</b>
1.1 Mål med reglementet.....	3
1.2 Kven reglementet gjeld for.....	3
<b>2. Heimel og gyldighet.....</b>	<b>3</b>
2.1 Heimel .....	3
2.2 Rettskraft .....	3
<b>3. Forvaltning og type av forvaltning .....</b>	<b>3</b>
<b>4. Formålet med kommunens finans- og gjeldsforvaltning .....</b>	<b>4</b>
<b>5. Generelle rammer og avgrensingar .....</b>	<b>4</b>
<b>6. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar for driftsformål.....</b>	<b>5</b>
6.1. Innskot i bank .....	5
6.2. Felles avgrensing i plassering.....	5
6.3. Rapportering .....	5
<b>7. Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler .....</b>	<b>6</b>
7.1. Vedtak om opptak av lån.....	6
7.2. Val av låneinstrument.....	6
7.3. Tidspunkt for låneopptak .....	6
7.4. Konkurrerende tilbud .....	6
7.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument.....	6
7.6. Storleik på enkeltlån – spreiiing av låneopptak.....	6
7.7. Rapportering.....	7
<b>8. Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva .....</b>	<b>8</b>
8.1. Definisjon .....	8
8.2. Strategiske mål .....	8
8.3 Avkastning .....	8
8.4 Definisjonar.....	8
8.5 Ethiske retningslinjer.....	9
8.6 Produktspekter.....	9
8.7 Risikoklasser .....	10
8.8 Plasseringsavgrensingar - risikoklasser.....	10
8.9 Plasseringsavgrensingar – debitorar .....	10
8.10 Rapportering.....	10
<b>9. Konstatering av avvik og vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko .....</b>	<b>11</b>
9.1 Konstatering av avvik.....	11
9.2 Risikovurderingar .....	11
9.3 Kvalitetssikring .....	11

# **1. Finans- og gjeldsreglementet sitt virkeområde**

## **1.1 Mål med reglementet**

Reglementet skal gje rammer og retningslinjer for kommunen si finans- og gjeldsforvaltning. Reglementet utgjer ein samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld, og underliggjande fullmakter/instruksar/rutinar vert heimla i reglementet. Reglementet definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og midlar berekna for driftsformål, opptak av lån/gjeldsforvaltning og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

## **1.2 Kven reglementet gjeld for**

Reglementet gjeld for Norddal kommune. Reglementet gjeld også for verksemd i kommunale føretak etter kommuneloven kapittel 11 og interkommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27.

I den grad disse verksemdene har ei eiga finans- og gjeldsforvaltning skal denne utøvast i samsvar med dette reglementet, eller i tilfellet med interkommunalt samarbeid, etter eit finans- og gjeldsreglement det er semje om og som er godkjent av kommunestyret.

# **2. Heimel og gyldigheit**

## **2.1 Heimel**

Dette reglementet er utarbeidd på bakgrunn av:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992, § 52
- Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finans- og gjeldsforvaltning fastsett av KRD 9. juni 2009 (FOR 2009-06-09 nr 635).

## **2.2 Rettskraft**

- Reglementet trer i kraft frå vedtak i kommunestyret. Finans- og gjeldsreglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.
- Dette reglementet erstattar alle tidligare regler og instruksar som kommunestyret har vedteke for Norddal kommune si finansforvaltning.

# **3. Forvaltning og type av forvaltning**

I samsvar med forskrift om kommunane og fylkeskommunane si finans- og gjeldsforvaltning skal reglementet omfatte forvaltning av alle kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld). Gjennom dette finansreglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål
- Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar
- Plassering og forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

## 4. Formålet med kommunens finans- og gjeldsforvaltning

Finans- og gjeldsforvaltninga har som overordna formål å sikre ei rimelig avkastning samt stabile og låge netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innanfor definerte risikorammer.

For å oppnå dette gjeld følgjande delmål:

- Kommunen skal til ein kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrettar) til å dekke løpande forpliktingar.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innan definerte krav til likviditet og risiko, og omsyn til tidsperspektiv på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gje lavast mogeleg total kostnad innanfor definerte krav til risiko ved refinansieringsrisiko og renterisiko, og behov for å føresjå lånekostnadene.
- Kommunen sine langsiktige finansielle aktiva skal sikre ei god, langsiktig avkastning med akseptabel risiko som skal bidra til å gi kommunen sine innbyggjarar eit best mogeleg tenestetilbod.

## 5. Generelle rammer og avgrensingar

- Kommunestyret skal sjølv gjennom fastsetting av dette finans- og gjeldsreglement, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentlig finansielle risiko, jfr. kommuneloven sin §52.
- Reglementet skal bygge på kommunens eigen kunnskap om finansielle marknader og instrument.
- Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltninga, inkludert kva som vert rekna som langsiktige finansielle aktiva. Det er pålagt rådmannen ei sjølvstendig plikt til å utgreie og legge fram saker for kommunestyret som vert sett på som prinsipielle.
- Rådmannen skal fortløpande vurdere at reglementet sine ulike rammer og avgrensingar er egna, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at kapitalforvaltninga vert utført forsvarleg i forhold til dei risikoar kommunen er eksponert for.
- Det ligg til rådmannen å inngå avtalar i samsvar med dette reglementet.
- Det ligg til rådmannen med heimel i dette finans- og gjeldsreglement, å utarbeide nødvendige fullmakter/instruksar/rutinar for dei enkelte forvaltningsformer som er i samsvar med kommunen sitt økonomireglement.

Finansielle instrumenter og/eller produkt som ikkje er eksplisitt tillatt brukt gjennom dette reglementet, kan ikkje brukast i kommunen si finansforvaltning.

Plassering av Norddal kommune sine midlar i verdipapir, skal skje i samsvar med etiske kriterie. Kriteria er omskrivne under plassering av langsiktige finansielle aktiva, pkt 8.6. Så langt det er praktisk muleg skal disse etiske kriteria også gjelde for plassering i verdipapirfond.

Konkrete rammer for forvaltning av høvesvis kommunen sine midlar til driftsformål (inkl. ledig likviditet), gjeldsportefølje og langsiktige finansielle aktiva vert omtalt i framhaldet kvar for seg.

## 6. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar for driftsformål

Kommunen sine midlar til driftsformål (ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot i norske kroner (NOK).

Kommunen kan inngå rammeavtale for å ivareta det løpande behov for banktenester. Ved val av hovudbankforbindelse vert det stilt krav om minimum internasjonal kredittrating A- eller tilsvarende kredittvurdering. Det kan gjerast avtale om trekkrettar.

Kommunen sin driftslikviditet skal plasserast i kommunen sin hovudbank.

Ledig likviditet og andre midlar tenkt for driftsformål, utover kva som trengs til dekking av kommunen sine løpande forpliktingar, fråtrekt estimerte innbetalingar, de næraste 3 månader, kan plasserast etter følgjande retningslinjer:

### 6.1. Innskot i bank

For bankinnskot gjelder følgjande avgrensingar:

- a) Tidsbinding kan ikkje avtalast for ein periode på meir enn 6 månader
- b) Eit enkelt innskot med tidsbinding kan ikkje utgjøre meir enn NOK 10 mill

### 6.2. Felles avgrensing i plassering

- Kommunen sine samla innskot i bank/kredittinstitusjon skal ikkje overstige 2 % av institusjonen sin forvaltningskapital

### 6.3. Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30. april og per 31. august, legge fram rapportar for kommunestyret som viser status for forvaltninga av ledig likviditet og andre midlar tiltenkt driftsformål. I tillegg skal rådmannen ved utgangen av året legge fram ein rapport for kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapportane skal ta utgangspunkt i følgjande tabell:

	31.12.201x-1		30.04.201x		31.08.201x		31.12.201x	
	NOK (i 1000 kroner)	%	NOK (i 1000 kroner)	%	NOK (i 1000 kroner)	%	NOK (i 1000 kroner)	%
Innskot hos hovudbankforbindelse								
Innskot i andre banker								
<b>Samla kortsiktig likviditet</b>		<b>100</b> %		<b>100</b> %		<b>100</b> %		<b>100</b> %
<b>Avkastning sidan 31.12.201x-1</b>				<b>?</b>		<b>?</b>		<b>?</b>

Rapporten skal i tillegg opplyse følgjande:

- Rådmannen sine kommentarar knytt til samansetting, rentevilkår/avkastning, vesentlige marknadsendringar og endring i risikoeksponering.
- Rådmannen sin omtale og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finans- og gjeldsreglementet.

## **7. Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler**

### **7.1. Vedtak om opptak av lån**

Kommunestyret gjer vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Slik vedtak skal som minst omfatte:

- Lånebeløp
- Nedbetalingstid

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak skal rådmannen gjennomføre låneopptak, inkludert godkjenning av lånevilkår, og elles forvaltning av kommunens innlån etter de retningslinjer som går fram av dette reglementet, og i tråd med kommunelovens § 50 om låneopptak.

Det kan også takast opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld.

### **7.2. Val av låneinstrument**

Det kan berre takast opp lån i norske kroner.

Lån kan takast opp som direkte lån i offentlige og private finansinstitusjonar, samt i livselskap. Lån kan tas opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån).

Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.

### **7.3. Tidspunkt for låneopptak**

Låneopptak skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedtatt investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadsforhold.

### **7.4. Konkurrerande tilbod**

Låneopptak skal søkast gjennomført til marknaden sine mest gunstige vilkår. Det skal innhentast minst 2 konkurrerande tilbod frå aktuelle långjevarar. Prinsippet kan fråvikast ved låneopptak i statsbank (t.d. startlån i Husbanken).

### **7.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument**

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode i forhold til oppfatning om framtidig renteutvikling og innanfor eit akseptabelt risikonivå gitt eit overordna ønskje om å kunne føresjå og ha stabilitet i lånekostnader.

Forvaltninga skal leggjast opp i samsvar til følgjande;

- a) Refinansieringsrisiko skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall
- b) Minimum 1/3 av gjeldsporteføljen bør ha flytende rente (rentebinding kortare enn eit år), minimum 1/3 bør ha fast rente, medan 1/3 skal vurderast ut i frå marknadssituasjonen.
- c) Delen av gjeldsporteføljen som har fast rente, bør fordelast i 1 til 5 års segmentet på ein slik måte at kommunen får lavast mulig refinansieringsrisiko.

### **7.6. Storleik på enkeltlån – spreining av låneopptak**

Forvaltninga skal leggast opp i samsvar med følgjande;

- a) Låneporteføljen skal bestå av færrest mulig lån, men slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert avgrensa.

- b) Eit enkeltlån kan ikkje utgjøre meir enn 35 % av samla gjeldsportefølje
- c) Under elles like forhold vil det vere føremålstenleg at kommunen fordeler låneopptak på fleire lånegjevarar.

### 7.7. Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30. april og per 31. august rapportere på status for gjeldsforvaltninga. I tillegg skal rådmannen ved slutten av året rapportere til kommunestyret om utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapportane skal ta utgangspunkt i følgjande tabell:

	31.12.201x-1			30.04.201x			31.08.201x			31.12.201x		
	NOK (i 1000 kr)	%	Dur.	NOK (i 1000 kr)	%	Dur.	NOK (i 1000 kr)	%	Dur.	NOK (i 1000 kr)	%	Dur.
Lån med pt rente												
Lån med NIBOR basert rente												
Lån med fast rente												
Finansiell leasing												
<b>Samla langsiktig gjeld</b>		<b>100 %</b>			<b>100 %</b>			<b>100 %</b>			<b>100 %</b>	
<b>Effektiv rentekostnad sidan 31.12.201x-1</b>				?			?			?		
Tal på løpande enkeltlån												
Største enkeltlån	NOK ? 1000 kr			NOK ? 1000 kr			NOK ? 1000 kr			NOK ? 1000 kr		

For gjeldsforvaltninga skal det i tillegg rapporterast om følgjande:

- Opptak av nye lån (inkl. avtaler om finansiell leasing) i førre tertial
- Refinansiering av eldre lån i førre tertial
- Rådmannen sin kommentar knytt til endring i risikoeksponering, attståande rentebinding og rentevilkår i forhold til kommunens økonomiske situasjon og situasjonen i lånemarknaden, samt føreståande finansierings-/refinansieringsbehov
- Rådmannen sin omtale og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finans- og gjeldsreglementet.
- Refinansieringsrisikoen knytt til eventuelle lån som har forfall og må refinansierast innan tolv månader

## **8. Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva**

### **8.1. Definisjon**

Med langsiktige finansielle aktiva meiner vi midlar som ikkje kan reknast som ledige likvidar eller som er planlagt brukt til driftsføremål.

Det er midlar som Norddal kommune ut frå sin økonomiske situasjon kan rekne som forsvarleg å forvalte med ein lang tidshorisont og med mindre fokus på kortsiktige svingingar.

Det er innbetaling etter sal av Norddal Elverk AS inklusive innfriing av ansvarlege lån som vert definert som Norddal kommune sine finansielle aktiva. Dette vert heretter kalla Elverkfondet. Kapital ved etablering av fondet er kr 42,028 mill. Etter vedtak i kommunestyret kan storleiken på fondet endrast.

Dersom Norddal kommune seinare får andre midlar som kommunestyret definerar som langsiktige finansielle aktiva skal desse også forvaltast i samsvar med dette reglementet.

### **8.2. Strategiske mål**

Langsiktige finansielle aktiva skal forvaltast med omsyn til sikkerheit, risikospreiing, avkastning og likviditet. Plasseringar skal skje i børnoterte verdipapir med rimeleg god omsetning og andre papir med tilsvarende god likviditet.

Innan ramma av forsvarleg sikkerheit og risikospreiing skal Norddal kommune over tid ha som mål å oppnå så god avkastning på forvalta midlar som mogeleg.

Med langsiktig forvaltning må Norddal kommune ta på seg både renterisiko og anna marknadsrisiko for å ha mulegheit til ei meiravkastning utover den risikofri plasseringsrenta.

### **8.3 Avkastning**

Årleg avkastninga skal leggast til fondet med mindre kommunestyret vedtek bruk av fondet.

### **8.4 Definisjonar**

#### Marknadsrisiko –

Marknadsrisiko oppstår som ei følgja av at Norddal kommune har eller tek på seg investeringar og/eller posisjonar i finansielle instrument der verdiane over tid vil verte påverka av endringar i marknadsprisane (generell marknadsrisiko). I tillegg kan eksponeringa vere prisfølsam for endra kredittverdighet av utstedar eller endra grad av mulegheit for omsetting (spesifikk marknadsrisiko).

#### Renterisiko –

Renterisiko omfattar marknadsrisiko knytt til posisjonar i renteberande finansielle instrument, inkludert derivat med renteinstrument som underliggende. Plasseringar i obligasjonsfond og pengemarknadsfond går inn under renterisikovurderinga.

#### Aksjerisiko-

Aksjerisiko omfattar marknadsrisiko knytt til posisjonar i eigenkapitalinstrument, inkludert derivat med eigenkapitalinstrument som underliggende. Plasseringar i aksjefond og kombinasjonsfond vert rekna med under aksjerisikovurderinga.



### Valutarisiko-

Valutarisiko omfattar risiko for tap ved endring i valutakursar. Alle finansielle instrument og andre posisjonar med valutarisiko skal takast med i vurderinga.

### Kredittrisiko –

Risiko for tap dersom debitor ikkje kan oppfylle sine forpliktingar i avtalen.

### Likviditetsrisiko –

Risiko for tap dersom fordring må gjerast likvid før forfall og risiko for at det ikkje er tilgjengelege midlar for å møte betalingsforpliktingar.

### Operasjonell risiko –

Manglande kompetanse eller risiko for at kapitalforvaltning ikkje skjer i samsvar med retningslinjer.

## **8.5 Etske retningslinjer**

Dei etiske retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for Statens Pensjonsfond Utland, skal vere retningsgjevande for Norddal kommune si etiske handtering av kapitalforvaltninga. Plasseringar i verdipapirfond er også omfatta av desse retningslinjene så langt det er praktisk mogeleg.

Disse retningslinjene omfattar m.a. at selskap som produserar særlig inhumane våpen skal verte utelukka frå porteføljen. Vidare skal selskap utelukkast dersom det er ein klar, uakseptabel risiko for at kommunen gjennom sine investeringar medverkar til:

- Grove eller systematiske krenkingar av menneskerettar, som t.d. drap, tortur, tap av fridom, tvangsarbeid, utnytting og annen utbytting av barn
- Alvorlig krenking av individ sine rettार i krig eller konfliktsituasjonar, alvorlig miljøskade, grov korrupsjon og andre særlig grove brot på grunnleggjande etiske normer

Norddal kommune vil sjå til at samarbeidande forvaltarar er informert om både forvaltningsrammer og etiske retningslinjer i kommunen sitt Reglement for finansforvaltning. Det er Norddal kommune sitt mål at kapital ikkje vert plassert i selskap med ein uakseptabel etisk profil, og at det derfor vert vald forvaltarar som tek omsyn til dei etiske sidene ved val av sine investeringar.

Dersom kommunen vert gjort merksam på at det hos ein forvaltar er plasseringar i selskap med en uakseptabel etisk profil, skal dette takast opp til diskusjon med forvaltaren med sikte på at nemnde plasseringar som er gjort av forvaltaren, opphøyrer, eller at kommunen trekkjer seg ut av det aktuelle produkt hos forvaltaren.

## **8.6 Produktspekter**

1. Innskot i bank som plasserast utanom forvaltningsporteføljen.

2. Følgjande instrument kan takast inn i forvaltningsporteføljen:

- Rentefond
- Sertifikat
- Pengemarknadsfond
- Obligasjonar
- Obligasjonsfond

- Fondsobligasjonar, ansvarlege lån og anna hybridkapital
- Aksjefond og ETF
- Aksjar og eigenkapitalbevis

Plassering i utanlandske papir kan vere valutasikra.

### 8.7 Risikoklasser

Risikoklasse 1	Innskot i bank
Risikoklasse 2	Pengemarknads- og obligasjonsfond
Risikoklasse 3	Kombinasjonsfond
Risikoklasse 4	Aksjefond
Risikoklasse 5	Enkeltaksjar

### 8.8 Plasseringsavgrensingar - risikoklasser

Innskot i bank kan vere 0 – 20 % av bokførte fond, og plasserast på høgrentekonto utanom forvaltning.

For å styre kredittrisiko skal følgjande avgrensingar gjelde for forvaltninga:

Kredittrisiko	Portefølgjefordeling
Risikoklasse 2	Minimum 20 % av forvalta kapital
Risikoklasse 3	Maksimum 50 % av forvalta kapital
Risikoklasse 4	Maksimum 30 % av forvalta kapital
Risikoklasse 5	Ikkje rammer

I den grad ei høgare risikoklasse ikkje er fullt utnytta, skal tilsvarande ”ledig” andel kunne auke rammer for klasser med lågare risiko.

### 8.9 Plasseringsavgrensingar – debitorar

Det skal ikkje plasserast meir enn 15 % av portefølgja sin samla forvaltningskapital i eit enkelt fond.

Kommunen kan ikkje eige meir enn 10 % av fondsandelane i eit enkelt fond. Kommunen si eksponering i ein enkeltbank skal ikkje utgjere meir enn 2 % av banken sin forvaltningskapital.

### 8.10 Rapportering

Rådmannen skal i samband med rapportering 30. april og per 31. august legge fram rapport til kommunestyret som viser status for forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

Rapportering skal vere i samsvar med Forskrift om finans- og gjeldsforvaltning i kommunane §§6 og 7.

Rapportering skal gje informasjon om:

- Samansetning av aktiva
- Marknadsverdi, samla og fordelt på dei ulike typar aktiva
- Vesentlege marknadsendringar
- Endringar i risikoeksponering
- Avvik mellom faktisk forvaltning og krav i finansreglement
- Marknadsrenter og eigne rentevilkår
- Rådmannen si samla vurdering av forvaltninga

## **9. Konstatering av avvik og vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko**

### **9.1 Konstatering av avvik**

Ved konstatering av avvik mellom faktisk finansforvaltning og finans- og gjeldsreglementet sine rammer, skal slikt avvik utan ugrunna opphald rapporterast, og administrasjonen skal forsøke å rette opp avviket så raskt som mogeleg.

### **9.2 Risikovurderingar**

Det skal til kvar rapportering til kommunestyret gjerast følgjande skilde risikovurderingar:

- Renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre midlar tiltenkt for driftsformål og gjeldsporteføljen sett i samanheng,
- Ein netto gjeldsbetraktning som viser kommunen sin rekneskapsmessige renterisiko angitt i NOK ved en 1 %-andel generell endring i rentekurven.

### **9.3 Kvalitetssikring**

Finansforskrifta pålegg kommunestyret å la uavhengig kompetanse vurdere om finansreglementet legg rammer for ei finansforvaltning som er i samsvar med kommuneloven sine reglar og reglane i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet.

Rådmannen vert pålagt ansvar for at slike eksterne vurderingar vert innhenta.

Kvalitetssikring av finans- og gjeldsreglementet skal finne stad ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyret vedtek nytt, endra finans- og gjeldsreglement. I denne samanheng skal det også rapporterast på utført kvalitetssikring av rutinane.